



Arkivnr: 2016/2314-12

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av obligasjonslån 450 mill. kr

Samandrag

Eit 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr har forfall den 10. juni 2016. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 3-årig obligasjonslån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 450 mill. kr vert refinansiert med eit 3 årig obligasjonslån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta er 3 mnd. Nibor + 0,569 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.06.2016

Eit 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr har forfall den 10. juni 2016. Renta på dette lånet har vore 3 mnd. Nibor + ein fast margin på 0,128 %. Dette har vist seg å vere svært gunstig. Sidan i fjor haust har ein betalt lågare rente på dette obligasjonslånet enn kva ein har måtta betale på 3-månaders sertifikatlån.

Marginen ein må betale i tillegg til 3 mnd. Nibor har gått mykje opp. Bergen Capital Management anslår at ein i dag må rekne med ein margin på ca. 0,55 % for eit 2-års lån. For eit 3-årig lån vert marginen anslått til i overkant av 0,6 %. Eit 10-års lån vil ha ein margin på om lag 1 %.

Ein har vurdert å binde renta på det nye lånet. Fast rente opp til 3 år ligg på om lag same nivå som flytande rente. Pr. i dag har ein fast rente på 54,9 % av låneporteføljen. Om ein går over frå flytande til fast rente på det aktuelle lånet, vil ein kome opp i 59,6 % fast rente, altså tett oppunder grensa på 60 % som er sett i finansreglementet.

Bergen Capital Management har fått tilbakemelding frå bankar og meklarhus at det er lita interesse i marknaden for eit så stort lån med fast rente i 3 år. Om ein ønskjer å få inn mange tilbod, rår BCM til at ein ber om tilbod på lån med flytande rente (fast margin mot 3 mnd. Nibor.)

I tillegg til lånet som er omtalt ovanfor, har fylkeskommunen 2 andre obligasjonslån med forfall i 2016. Eit lån har forfall i august og eit i oktober. Det kan vere ønskjeleg med lengre løpetid enn 2 år på i alle fall eit av låna som skal refinansierast i 2016. Fylkesrådmannen går inn for å be om tilbod på eit 3-årig lån for å refinansiere lånet som forfell 10. juni.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og ein har fått inn desse tilboda:

	<u>Margin over 3 mnd. Nibor</u>
SEB Merchant Banking	0,569 %
Nordea Markets	0,585 %
DNB Markets	0,590 %
Swedbank First Securities	0,600 %
Danske Bank Markets	0,610 %
Kommunalbanken	0,620 %
Handelsbanken	0,650 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB.